

VOSZA[®]nytt frå destinasjonen 09.09

- ❖ Britisk TV show frå Voss
- ❖ Sal av fiske- og jaktkort på www.visitvoss.no
- ❖ Kommunedelplan for reiseliv
- ❖ Vinterkampanjen *Ski heile året*
- ❖ Nye flyruter frå Storbritannia til Bergen
- ❖ Visuell profil for Voss – me søker merke for god design
- ❖ Sykkelprosjekt til Voss
- ❖ Destinasjon Voss inn i Næringshagen
- ❖ Nye rammevilkår for heilårs arbeidsplassar – leiar av DV får plass i nasjonal arbeidsgruppe
- ❖ Innovativ fjellturisme konferanse
- ❖ Nytt frå styret i Reiselivsrådet
- ❖ Voss på plass i fylgjande trykksaker

❖ Paul O/Grady show frå Voss

Tre millionar sjåarar skal sjå Dean Herbert frå tjukkaste London boltra seg i naturen på Voss – i beste sendetid! Fjelltur i Teigdalen, fiske, bading i fjellvatn, elvebrett, smalahove, aktivitetar som er eksotiske for ein bygut frå London. Dette programmet vil ha ein enorm marknadsverdi, i den britiske marknaden som er svært viktig for Voss.




Dean Herbert i Teigdalen. Innleigd kameramann Per Børre Kiserud og lydmann Eirik Mayer Amundsen.

❖ Sal av fiske- og jaktkort på visitvoss

Gjennom samarbeid med Voss Grunneigarsamskipnad er det no mogeleg å kjøpe fiske- og jaktkort på www.visitvoss.no/fiske-og-jakt

Ein kan laste ned kart over dei ulike områda.



❖ Kommunedelplan for reiseliv

Den 03.09 vart kommunedelplanen for reiseliv vedteke i Voss kommunestyret. Denne planen er eit godt verktøy for reiselivet. Dei overordna føringane for kommunen gjeld å sikre areal til reiselivsutvikling, koordinere virkemiddel, tilrettelegging for næringsutvikling, ta ansvar for vertskapsrolla, betra miljøprofil og tiltak både for generell infrastruktur og reiselivsmessig infrastruktur som skilting, bade- og rasteplassar, gang- og sykkelveggar osv.

Turistinformasjonen skal vere ein del av kulturhuset der kommunen tar ansvar for drift (og kostnader).

Å ha drift av destinasjonsselskap og turistkontor i to ulike einingar stiller store krav til samhandling. Arbeidsgruppa, som skal finne fram til den optimale samhandlingsforma mellom Destinasjon Voss og kommunen (i tråd med vedtak i Kommunestyret), hadde sitt første møte den 23.september. Her

er ein samd om at ein har felles mål om verdiskaping for næringslivet på Voss, og at samhandling gjer alle sterkare. For 2010 vil ein lage felles tiltaksplan for turistkontoret og destinasjonsselskapet.

❖ **Ski heile året**

Voss, Røldal og Folgefonna sommarskiser er nå på plass i eit omfattande samarbeid om produktutvikling, marknadsføring og sal. Dette vil vere eit fyrtårn i arbeidet med Hordaland sin reiselivsstrategi og det er gitt positive signal om offentlege ressursar i matching med dei midlane bedriftene legg i potten.

❖ **Nye flyruter**

Etter at båtruta mellom Newcastle og Bergen vart lagt ned i 2008 har det vore arbeida hardt for å finne alternative ruter. I samarbeid med Fjord Norge, Avinor og næringsaktørar på Voss, har Destinasjon Voss hatt eit større engasjement i saken. Det er svært viktig for Voss å få nye flyruter på plass. Eastern Airlines startar ny rute frå Newcastle og Aberdeen i oktober og Norwegian får ei ny dagrute frå London.



❖ **Visuell profil og merke for god design**

I samarbeid med designbyrået Creuna har DV bestemt seg for å søkje Norsk Designråd om Merket for god design for VOSSAprofilen.

Dette er ei utmerking for vellykka bruk av design for å skape innovative produkt og løysingar, og er eit kvalitetsstempel til bruk i marknadsarbeidet.

Her vil det vere viktig for deg og din bedrift og ta designprogrammet i bruk. Ta kontakt dersom du er usikker på korleis.

❖ **Sykkelprosjekt**

Sykkelprosjektet, der me har som mål å få Voss som ein "syklist velkomen" destinasjon, begynner å få på plass finansiering. Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge har gitt positive signal, noe som betyr at vi kan sette i gang eit konkret arbeid med merking av turar, produksjon av kart osv i 2010. Dette vil skje i samarbeid med kommunen og sykkelmiljøet på Voss.

❖ **Destinasjon Voss inn i Næringshagen**

I 2009 har det vore drøftingar om rolleavklaring mellom "prosjektutviklingsavdelingen" i DV og Voss Næringshage, som på mange områder har felles visjonar og mål. Etter at SIVA, Hordaland fylkeskommune og Voss kommune har vist stort engasjement i å få på plass ein Næringshage på Voss, har DV fatta vedtak i styret som gjer det mogeleg for selskapet å gå inn på eigarsida. Slik kan Næringshagen vere eit godt verktøy for DV med omsyn til prosjektutvikling.

❖ **Innovativ Fjellturisme konferanse i Hemsedal 21 og 22.09**

DV var til stades på denne konferansen som var nyttig og inspirerende med tanke på destinasjonsutvikling. Ein interessant konklusjon etter 5 år med

utviklingsarbeid for å gjere vinterdestinasjonane i fjellregionen meir interessante om sommaren, var at eit viktig suksesskriterium for destinasjonsutvikling er "oppegående" destinasjonsselskap. Elles var vi på produkttesting, og Hemsedal har lykkast spesielt med sitt Topp 20 turkonsept. 20 toppturar med ulik grad av stigning, solid merking og premiering i form av pins, var ein suksess i marknaden. Fagleg påfyll, mellom anna av innovasjonsdoktoren med røter på Voss, Sjur Dagestad, med budskap om at oppskrifta til suksess er "enkel" – nemlig hardt arbeid... For deg som er interessert i sal og marknadsføring, so var nores einaste tekstdoktor, Christine Calvert, der. Ho har skreve bøkene *Skriv så det selger* og *Skriv for nettet*. Deira foredrag vil kome på heimesida til Innovativ fjellturisme;

www.ekstranett.innovasjon norge.no

❖ **Nye rammevilkår**

Anne Grethe i DV er invitert med Næringsdepartementet i ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på rammevilkår for reiselivet med omsyn til å sikre heilårs arbeidsplassar. Arbeidsgruppa si tilråding skal vere klar innan 31.12.09, så det vil kome nærare informasjon om kva for innspel som vert meldt. Her vil du få høve til å gje konkrete innspel. Har du innspel du vil melde allereie, så ta kontakt med Anne Grethe.

❖ **Nytt frå styret i Reiselivsrådet**

Styret hadde møte 16.09. Viktigaste sak var oppstart av marknadsplanarbeidet for 2010. Framlegg til marknadsplan vil verte presentert i eit medlemsmøte i haust. Me kjem tilbake til møtedato. Elles kunne ein frå styret rapportere om nytt

skitog mellom Voss og Bergen denne vinteren, laurdagar og sundagar med avgang Voss kl 16.55. Styret har også drøfta tilhøva for eventuelle medlemmar frå områder utanfor Voss. Det er ingen ting i vedtektene som forhindrar slik medlemskap.

❖ **Voss er nå med i fylgjande trykksaker:**

Ski the fjords – How to price, sell and book Voss and Bergen. Manual for turoperatørar.

Fjord Line – eigen vinterkatalog på den danske marknaden.

Vinterbrosjyre for den nederlandske marknaden – samarbeid med Innovasjon Norge i NL.

Produktmanual vinter – Samarbeid med Fjord Norge



Product Manual Winter

Fjord Norway 2009 - 2010
www.fjordnorway.com/ski



Alle trykksakene – i fullformat – finn du på www.visitvoss.no/bransje

Kontaktinfo Destinasjon Voss
post@visitvoss.no 40617700

Følg oss på <http://twitter.com/vossatvittar>

VOS2A  **helsing**